

## RAPPORT OM AVVIK OG UØNSKA HENDINGAR RELATERT TIL SAMHANDLING NOVEMBER 2016


Utviklinga i tal meldingar frå Helse Førde og kommunane går fram av tabellen nedanfor. Talet meldingar frå kommunane er ganske jamt. Talet meldingar frå Helse Førde har auka dei siste åra.

År	Melde av Helse Førde	Melde av kommunane	Sum
2010	15	32	47
2011	19	55	74
2012	14	83	97
2013	29	88	117
2014	241	84	325
2015	144	102	246
2016	81	84	165

(Inkl. meld. frå AMK om ikkje kontakt med komm.lege)  
(Fram til 25.11.16)

Hovudkategoriar for meldingar var tidlegare fem; innlegging, opphald ved sjukehus, utskriving, opphald i kommunen og behandlingmessige forhold. Dette er siste året blitt redusert til tre, slik dei andre føretaka i Helse Vest har det; dvs. innlegging, opphald ved sjukehus og utskriving.


Fordelingane på respektive hovudkategoriar er slik:



Kommunikasjonen mellom AMK og kommunal lege synest ikkje lenger å vere den same utfordringa som det var i 2014 og delar av 2015, her er det no få avviksmeldingar. Dette skuldast innskjerping av


krav og rutinar og innføring av naudnett. Dette er ei vesentleg årsak til at andelen meldingar knytt til innlegging er redusert.

Meldingar som gjeld **tilvising og innlegging**:




Manglande kontakt med kommunal lege over helseradionettet stod for fleirtalet av sakene kategorisert som «andre hendingar» i 2014 og 2015. Det er i dag få slike saker. I 2016 var det meldt ni saker som gjeld at pasienten har kome direkte til sjukehuset utan at kommunelegen har meldt frå om at pasienten kjem. Tre saker omhandlar at det ikkje er informert om smitte ved innlegging.

Meldingar knytt til pasienten sitt **opphald på sjukehuset**:



Det er få slike meldingar i 2016 og desse gjeld ulike variantar av svikt i høve til kontaktrutinar. Heller ikkje her er det teikn til eit mønster som skulle indikere systemsvikt.

### Meldingar knytt til **utskriving**:




Ein må vere merksam på at i desse tabellane er kvar sak registrert bare ein gong. Ei sak kan innehalde fleire moment. I denne lista er bare eitt momentet teke med. Det kan då vere slik at fleire saker melder om manglande medikament, men at det også mangla medisinliste, og at saka er registrert på dette.

### Avviksmeldingar knytt til **behandlingsmessige forhold**:

	2013	2014	2015	2016
Feil ved behandling	8	4	3	1
Useme om behandling/oppfølging	3	8	2	6
Sending av prøver til laboratoriet	0	7	1	3
Bemanning på legevakt	0	3	0	1
Diverse	4	13	0	1
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>35</b>	<b>6</b>	<b>12</b>

Det er nokre få tilfelle av usemje om kven som har ansvar for oppfølginga av pasienten og nokre tilfelle av at prøver er blitt sendt til laboratoriet utan at dei er merka med pasientnamn.

**Tal saker melde av dei ulike kommunane i 2016:**



**Tal saker melde av ulike avdelingar i Helse Førde i 2016:**

